



Ein kan trygt slå fast at kalken har gjort underverk for fiskebestanden i Børsdalselva og Uskedalselva sidan doseraren vart sett i drift i 2002. No i helga vart det køyrt inn ein ny dose på 36 tonn og det er nummer 4 så langt dette året. Det betyr med andre ord at det er fylt på 144 tonn så langt i 2011

Og det er ikkje sikkert at det stoppar med det i år. Det kan bli behov for ein tank til, men det avheng i stor grad av nedbørmengdene framover, understrekar Kåre Vetrhus i grunneiarlaget som er sjølve veteranen i kalkinga. Kalken kom forresten frå Bergen.

(Foto: Kåre Vetrhus)